

**Sak: 21/19: Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland****Bakgrunn:**

Sjøareala har stor interesse for mange. Dei er viktige for friluft, samferdsel, fiskeri og havbruk. Sjøareala har dessutan ingen private eigarar, det er kommunane som er eigar og forvaltar desse areala. Det gjer at mange har stor interesse for korleis desse areala vert forvalta og allmennheten sine interesser må takast i vare. Det er grunn til å tru at presset på sjøareala vil bli større framover. Det er difor stort behov for å kunne sjå sjøareala i Nordhordland i samanheng.

Kommunegrensene for sjøareala er ofte lite naturleg for å kunne gjere gode vurderingar og prioriteringar av dei ulike interessene, det er behov for å sjå på sjøareala på tvers av kommunegrensene.

For å sikre ei heilskapleg og berekraftig forvaltning av sjøareala i Nordhordland er det behov for å sjå på korleis det kan gjerast samla for regionen. Plan og bygningsloven er kommunane sitt verktøy i eit slikt arbeid.

Dette prosjektet har fått støtte frå skjønnsmidlar frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen har også signalisert at dei ser det som viktig at dette arbeidet vert gjennomført. Ved at kommunane sjølv tek initiativ og gjer vedtak om dette kan ein sikre lokal styring og forankring.

Nordhordland Næringslag har fokus på akvakultur og ønskjer å starte eit større prosjekt. Det vil da vere svært viktig for regionen å få ein interkommunal plan for sjøareala slik at denne satsinga kan skje innafor ein berekraftig bruk av areala.

På grunn av mykje anna arbeid i kommunane har det ikkje lukkast å starte opp ein formell planprosess slik det var tenkt. Foreslår difor no at det vert satt i gong ein kunnskapsinnhenting som kan danne grunnlag for den formelle planprosessen som bør startast opp i 2020.

**Formål:**

Innhente og systematisere kunnskap slik at ein har eit godt grunnlag for å starte den formelle planprosessen i 2020. I den formelle planprosessen er formålet å utarbeide ein plan for sjøområda der dei ulike interessene vert ivareteke best mogeleg og at ein legg til rette for ein verdiskaping i sjøområda. Den interkommunale planen skal avklare den framtidige arealbruken samstundes som ein minimerer eventuelle konflikter i ettertid. Denne samordninga skal skje innafor ramma av berekraftig bruk av areala, både miljømessig, økonomisk og sosial forstand.

**Prosess - kva skal gjerast:**

I denne fasen vert det viktig å få avklart kva kunnskapsgrunnlag bør me ha for å gjere ein slik planprosess. Det må mellom anna gjerast følgjande:

- Innhenting og systematisering av eksisterande kunnskap
- Avklare om der er område som det må innhentast ny kunnskap

### Fase 1

Kva type kunnskap må ein ha?

### Fase 2

Plan for korleis denne kunnskapen kan innhentast.  
Gjennomføring og systematisering av denne kunnskapen.

### Fas 3

Avklare område der det er manglande kunnskap

#### **Organisering:**

- NUI tek på seg oppdraget, men kjøper inn naudsynt kompetanse.
- Kommunane må stille med kontaktperson som kan vere med å finne fram eksisterande kunnskap og peike på område der det må innhentast ny kunnskap.
- Prosjektet vert finansiert med skjønnsmidlane frå Fylkesmannen og eigeninnsats
- Kontaktpersonane frå kommunane deltek i ei referansegruppe.
- Rådmannsgruppa vert lag føre forslag til prosjektplan og prosjektet rapporterer til rådmannsgruppa.
- Endeleg rapport vert lagt fram for Regionrådet.

#### **Forslag til vedtak i Regionrådet:**

Regionrådet er positive til at det vert starta opp arbeidet med å innhente kunnskap som kan vera eit grunnlag for ein interkommunal plan sjøareala i Nordhordland.  
Den formelle planprosessen for interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland vert starta opp i løpet av 2020.